



Arkiv: FE - 210  
Saksmappe: 17/647  
JournalpostID: 17/2574  
Sakshandsamar: Kjell Idar  
Dvergsdal  
Dato: 28.03.2017

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/17	Rådet for eldre og funksjonshemma	7.04.2017

## Årsmelding for Rådet for eldre og funksjonshemma 2016

### Tilråding til vedtak:

Årsmelding for Rådet for eldre og funksjonshemma 2016 vert godkjend slik de ligg føre.

Rådet ber om at årsmeldinga til Rådet for eldre og funksjonshemma i Gaular kommune inngår i den samla årsmeldinga til kommunen.

Årsmeldinga sendast til Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane og til Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane. Sendast også til Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane.

### Handsaming:

#### REF-010/17 Vedtak:

Rådet tek årsmeldinga til vitande med følgjande merknader:

Tilleggspunkt i viktige saker framover som rådet vil jobbe med:

- Nye sjukeheimplassar.

Ynsker å få opp ei sak om følgjande:

Rådet for eldre og funksjonshemma i Gaular kommune bør skifte namn til Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune.

Vedtaket vart samrøystes godkjend.

## Saksutgreiing:

# Årsmelding for Rådet for eldre og funksjonshemma i Gaular kommune 2016

## Rådet for eldre og funksjonshemma for perioden 2015 - 2019:

Leiar: Per Kjelstad – vara Hildur Laukeland  
Nestleiar: Stein Erik Øvrebø – vara Aasta Sande  
Johannes Oppedal – vara Turid Viken Fauske  
Oddvar Søgnesand – vara Olav Furnes  
Selma Søgneren – vara Sverre Hestad  
Laila Oppedal – vara Leif Bell  
Norunn Lunde Furnes – vara Sara Marie Horsevik

Valde i kommunestyret den 28.01.2016.

### Sekretær funksjon:

Helse- og sosialetaten er sekretæriat for Rådet for eldre og funksjonshemma.  
Helse- og sosialsjefen er sekretær for Rådet.

Valgperioden til Rådet for eldre og funksjonshemma føl kommunevalgperioden. Gaular kommunestyre vel to representantar, der leiar i helse- og sosialutvalet er ein av representantane. Dei andre medlemmane vert valde etter innspel på kanidatar frå Gaular Pensjonistlag, Viksdalen Pensjonistlag og organisasjonane for menneske med nedsatt funksjonsevne.

### Viktige statuttar og retningslinjer som Rådet for eldre og funksjonshemma jobbar etter:

1. Rådet for eldre og funksjonshemma i Gaular kommune har ei viktig oppgåve og ein viktig funksjon for målgruppene dei representerer og det er viktig at dei fremmar saker sjølv, samt at dei også får kommunale plansaker til høyring og uttale. Viktig med informasjon til gruppene dei representerer slik at desse er klar over rolla Rådet for eldre og funksjonshemma har, slik at brukarane kan få fram saker som er viktig. Rådet må bruke «posisjonar», lag og organisasjonar til å synleggjere seg slik at brukarane kan nå dei med sine saker. Derfor er frivillege organisasjonar også viktige samarbeidspartar for Rådet, t.d. pensjonsistlag, Gaular Frivillegsentral, Helselaga i kommunen, Grendalag, m. fl.
2. Rådet sin leiar er talsperson/brukarrepresentant for bebruarane på sjukeheimen, men må også samtidig sjåast på som talsperson for alle eldre og funksjonshemma i Gaular. Dette er ei viktig rolle. Bebruarane og pårørande kan fremje saker gjennom talsperson og be om at denne tek sakene opp med leiinga i kommunen eller evt. fremjar sakene til rådet.
3. Saker som gjeld einskildpersonar og einskildvedtak må takast opp med administrasjonen eller leiinga og kan ikkje fremjast i rådet. Klager frå einskildpersonar om vedtak og tenester m.m. kan heller ikkje takast opp i Rådet. Saker til rådet må såleis vere av generell karakter.



4. Leiar i rådet har også fått talerett i kommunestyret og kan etter avtale med ordførar få legge fram synspunkt og tilråding i bestemte saker frå Rådet for eldre og funksjonshemma.
5. Rådet for eldre og funksjonshemma sine vedtak og merknader går til helse- og sosialutvalet, formannskap og kommunestyret, samt til administrasjonen og leiinga i kommunen. Vedtak og tilrådingar har kome fram der dei skal og rådet har blitt høyrd i dei sakene dei har kome med uttale og tilråding. Rådet er viktig for å ivareta interessene for gruppene dei representerer og dei får ofte gjennomslag for sakene og meiningane sine.

#### **Særskilde området som Rådet for eldre og funksjonshemma er opptekne av og har jobba med i 2016:**

- Levekåra til eldre og funksjonshemma i Gaular kommune.
- Jobba gjennom budsjettprosessane, plan og utviklingsarbeid, for at dei kommunale tenestene skal ha nok ressursar for å kunne skape trygge og gode levekår for eldre og funksjonshemma.
- Jobbe for likeverdige tilbod og tenester i Gaular kommune.
- Jobbe aktivt for at tilboda i helse og sosial vert gjort tydelege og kjende for innbyggjarane. Og at tenestene for eldre og funksjonshemma har nok ressursar og bemanning til å gje eit forsvarleg og kvalitativt, samt kvantitativt tilbod.
- Særleg har Rådet jobba for å styrke heimetenesta å på kveld. Har «kjempa» i 12 år for å auke bemanninga med ein pleiar til på jobb på kveldsvakt. Det er heilt uhaldbart og kan ikkje vere forsvarleg lenger med ein tilsett på jobb i heimetenesta på kveld. Må vere to og på sikt tre. Dette vil også vere heilt avgjerande dersom fleire skal bu lenger i eigen bustad.
- Skape sosiale og levande arenaer og møteplassar for eldre og funksjonshemma.
- Eigenandelar og betalingsordningar for eldre og funksjonshemma og menneske med låg inntekt.
- Tannhelsetilbod til eldre og funksjonshemma i kommunen. Gjere tilbodet kjend og tilgjengeleg for brukarane.
- Styrking av tenestene innan psykisk helsevern for dei eldre og funksjonshemma.
- Universell utforming.
- Transportordningar/helsereiser/pasientreiser for eldre og funksjonshemma med vidareføring av serviceskyss.
- Rehabilitering/kvardagsrehabilitering – jobbe for å styrke dette tilbodet.
- Avlastningstenestene for eldre og funksjonshemma.
- Fritidstilbod for eldre og funksjonshemma.
- Kommunen må prioritere å kunne tilby meir individuell tilpassa aktivitetar og fritidstilbod, for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Viktig at Rådet får plansaker frå kommunen til uttale, spesielt plansaker etter plan og bygningslova, saker der universell utforming er vesentleg, m.v. Adminstrasjonen er varsla om dette.

#### **Aktivitet/møter:**

Vi har eit aktiv Råd for eldre og funksjonshemma i Gaular kommune.

Rådet for eldre og funksjonshemma har hatt 10 møter i 2016 og har handsama 31 ordinære saker (samla tal saker 57). I tillegg til dette har rådet drøfta og gjeve uttale i ei rekkje referatsaker. Rådet har også hatt eit fellesmøte saman med helse- og sosialutvalet. Leiar i Rådet Per Kjelstad har møtt 2 gonger i kommunestyret i 2016 og fått uttale seg om saker som er viktige for Rådet og målgruppa som Rådet representerer.

### **Deltaking/samarbeid:**

Nokre av medlemmane i Rådet deltok på Samhandlingskonferansen i Førde den 05. og 6.04.2016, saman med leiinga og tenesteleiarane i helse og sosial.

Leiar i Rådet for eldre og funksjonshemma har delteke i møter saman med Eldreråda i nabokommunane.

Rådet har vore medarrangør saman med Gaular Frivillegsentral for markering av Eldredagen den 21.10.2016.

Leiar i Rådet Per Kjelstad og medlem i Rådet og leiar i helse- og sosialutvalet Laila Oppedal deltok på julebord på sjukeheimen den 1.12.2016. Ordførar Mathias Råheim og rådmann Atle Fasteland deltok også på julebordet. Flott arrangement med god mat, musikk og sang og dans.

Det vert også arbeidd for å oppretthalde seveskyssen, her er også Gaular Frivillegsentral ein viktig samarbeidspart. Ser ut som serviceskyssen «er berga» inn til vidare. Viktig for distrikta og der det går sjeldan buss (dårleg kollektivtransporttilbod).

Fellesmøte med Rådet for eldre og funksjonshemma og helse- og sosialutvalet den 7.12.2016.

Medlemmane i Rådet har også vore deltakar på arrangement og møter som Gaular Pensjonistlag og Viksdalen pensjonistlag har hatt.

Leiar i Rådet Per Kjelstad er også leiar Sogn og Fjordane Pensjonistlag.

### **Opplæring av nytt Råd for eldre og funksjonshemma:**

Det nye Rådet fekk opplæring og orientering om statuttar og retningslinjer som Rådet skal jobbe etter den 4. mars 2016. Samt opplæring i lovgrunnlag og forskrift, sakshandsaming, samarbeidspartar og deltaking. Det vart delt ut rettleiar for Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne til medlemmane i Rådet.

Opplæringa vart gjennomført av leiar i Rådet Per Kjelstad og helse- og sosialsjef Kjell Idar Dvergsdal.

I mai 2016 deltok Rådet for eldre og funksjonshemma på opplæring saman med Eldrådet i Førde kommune og nokre fleire andre kommunar.

### **Følgjande saker har vore handsama:**

- Årsmelding for Rådet for eldre og funksjonshemma 2015.
- Budsjett 2016 - revisjon.
- Økonomiplan 2017 – 2020.
- Årsbudsjett 2017.
- Råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetting – høyring.
- Nytt inntektsystem for kommunane – verknad og konsekvensar for kommunane – orientering.
- Tannhelsetenesta – Ein framtidretta klinikk- og tenestestruktur i Sogn og Fjordane – Høyring.
- Søknad om støtte til produksjon av lydavis for synshemma i Sogn og Fjordane.
- Trafikktryggleiksplan for Gaular kommune 2016 – 2019 - høyring.
- Planvedtak – detaljreguleringsplan for Storehaugen bustadfelt, Sande, Gaular kommune.



- Kutt i bussrutetilbudet i Gaular kommune – fråsegn.
- Serviceskyss 2016.
- Trafikktryggingstiltak i kommunane – TIK-midlar 2016.
- Kommunereforma og kommunesamanslåing – korleis kan rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne påvirke – korleis organisere rådet i ein større kommune, rådet si rolle m.v.
- Ny selskapsavtale SYS-IKL – godkjenning.
- Ressurs- og økonomivurdering i helse og omsorg – ei omlegging av tenestene med styrking av heimebaserte tenester og reduksjon av institusjons-/sjukeheims plassar – til drøfting og tilbakemelding frå brukarrepresentantane.
- Årsmelding/årsrapport, plan og taldata frå helse og omsorg 2015.
- Ruspolitisk handlingsplan for Gaular kommune 2016 – 2020 – arbeidsmøte, drøfting og innspel.
- Utomhusplan på Sande skule.
- Planvedtak – reguleringsplan for E39 Myrmel –Lunde.
- Ruspolitisk handlingsplan for Gaular kommune – endeleg godkjenning.
- Parkering for rørslehemma (handicapparkering ved Gaular Bygde og Sjukeheim.
- Fråsegn frå Rådet for eldre og funksjonshemma i Gaular kommune til Sogn og Fjordane Fylkeskommune.
- Reguleringsplan for bustadfelt Steia vest på Sande – høyring.
- Revidert reguleringsplan for Svaberget, Bygstad – Høyring.
- Bygging av utleigebustader til vanskelegstilte og flyktningar i Steiagodkjenning av planer.
- Framlegg til utomhusplan Sande skule – godkjenning.
- Statsbudsjettet 2017 – orientering og drøfting.
- Tilsynslegeordninga på Gaular Bygde- og Sjukeheim.
- Framtidig organisering av fysioterapitenesta i Gaular kommune.

### **Viktige saker framover:**

- Delta i prosessen med etableringa av ny kommune. Her vil viktig fokus vere både korleis Råda for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organiserast i framtida, samt delta i prosessar med organisering og "rigging" av den nye kommunen. Viktig å få behalde helse og omsorgstenestene i kommunane som i dag.
- Delta i og påvirke saker gjennom planarbeid og vedtak for utvikling og styrking av den framtidige helse- og omsorgstenesta og velferdstenestene i Gaular kommune. Vere «rusta» til å møte veksande behov som kjem i framtida.
- Jobbe for gode levekår og trivsel for eldre og funksjonshemma i Gaular kommune.
- Viktig at Råder får sakene som kommunen jobbar med. Rådet skal ha tilsendt og uttale seg i alle plansaker i kommunen.
- Jobbe for å sikre at Gaular kommune har nok kapasitet i pleie- og omsorgstenesta, både i høve sjukeheim- og omsorgsbustader og at det er nok personalressursar. Bygging av nye sjukeheims plassar, omsorgsbustader og aktivitetsareal for eldre og funksjonshemma må starte snarast.
- Jobbe for få på plass godt system for rehabilitering/kvardagsrehabilitering i Gaular kommune.
- Folkehelsearbeidet og det førebyggjande arbeidet må få meir ressursar og merksemd i Gaular kommune.
- Auke legeressursane på sjukeheimen og generelt i tilboda til eldre.

- Styrke og utvikle bu-, aktivitets- og fritidstilboda til eldre og funksjonshemma. Kommunen må prioritere å kunne tilby meir individuell tilpassa aktivitetar og fritidstilbod, for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Vere aktive og delta i økonomiplan- og budsjettprosessen i kommunen.
- Samarbeid med lag og organisasjonar.
- Delta i markering av Eldredagen og Verdensdagen for psykisk helse.
- Rådet bør skifte namn til Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune. Ta opp som sak i 2017.

Atle Fasteland  
rådmann